

# Skogselskapet i Sogn og Fjordane

## ÅRSMELDING 2024



**SKOGSELSKAPET**

Sogn og Fjordane

**SKOGENS  
VOKTER**





OGSELSKAPET



# ÅRSMØTE

## TORSDAG 15. MAI 2025

### HUGS PÅMELDING

**Vi kallar inn til årsmøte 15. mai på planteskulen i Brandsøy.  
Årsmøtet startar med fagforedrag av Torgrim Østgård.**

Vil du delta må Ruben R. Bøtun kontaktast,  
enten på e-post: [ruben@skogselskapet.no](mailto:ruben@skogselskapet.no) eller telefon: 9576 1717 seinast 10. mai.

#### PROGRAM FOR DAGEN:

- KL. 10.00:** Frammøte og enkel servering
- KL. 10.30:** Opning ved styreleiar Terje Engvik
- KL. 10.40:** Fagforedrag – STORE planter ved Torgrim Østgård, Statsforvaltaren i Vestland
- KL. 11.30:** Skogselskapet i Sogn og Fjordane – eigedomsforvalting etter planteproduksjon
- KL. 11.45:** Omvising på planteskuleområde
- KL. 12.30:** Lunsj
- KL. 13.30:** Skog er undervurdert! Hva gjør Skogselskapet med det? ved Helene Nygaardsvik Ruud, administrerende direktør Det norske Skogselskap
- KL. 14.00:** Årsmøtesaker
1. Val av møteleiar og to som signerer protokollen.
  2. Årsmelding for 2024
  3. Rekneskap for 2024
  4. Val og fastsetjing av tillitsvaldegodtgjersler
  5. Eventelt innkomne saker
- Ca. kl. 15.00** Me opnar bommen om ein ynskjer å køyre til Brandsøyåsen

**Vel møtt til årsmøtet!**

Med helsing  
Skogselskapet i Sogn og Fjordane  
Terje Engvik  
*leiar*



**SKOGSELSKAPET**  
Sogn og Fjordane

#### STYRET

- Leiar:** Terje Engvik, Førde. Vald av årsmøtet
- Nestleiar:** Merete Larsmon, Bygstad. Vald av årsmøtet
- Styremedlem:** Anders Lorentzen, Leirvik. Vald av årsmøtet
- Styremedlem:** Tom Idar Kvam, Hafslo. Vald av årsmøtet
- Styremedlem:** Erlend Herstad, Naustdal. Oppnemnd av Vestland Fylkeskommune

#### VARAREPRESENTANTAR

1. Jakob Devig, Gloppen. Vald av årsmøtet
  2. Inge Rolf Torstad, Sogndal. Vald av årsmøtet
- Bjarte Buttedal, Førde. Oppnemnd av Vestland Fylkeskommune

# Vedtekter



## SKOGSELSKAPET

Sogn og Fjordane

**Skogselskapet i Sogn og Fjordane har som føremål å fremje forståing av skogen sin mangesidige verdi og arbeide for eit godt skogbruk.**

### § 2. SAMANSETNING

Skogselskapet i Sogn og Fjordane er samansett av:

- a) Direkte medlemmer.
- b) Støttemedlemmer som er lag, organisasjonar, institusjonar, kommunar, større skogeigedomar, bankar, verksemdar og liknande, som gjennom ein årleg kontingent vil støtte Skogselskapet sitt arbeid.
- c) Æresmedlemmer.

Årleg betalande medlemmer som i to år etter purring ikkje har betalt kontingent, reknast ikkje lenger som medlemmer i Skogselskapet.

Skogselskapet i Sogn og Fjordane følgjer dei medlemskategoriane og kontingentsatsane som blir vedtekne i Det norske Skogselskap sitt landsmøte.

Skogselskapet i Sogn og Fjordane er tilslutta Det norske Skogselskap og samarbeider med dette.

Medlemmer av Skogselskapet i Sogn og Fjordane er også medlemmer av Det norske Skogselskap.

### § 3. ADMINISTRASJON

Skogselskapet vert leia av styret med hjelp av sekretær og anna administrativt personale. Skogselskapet sitt høgste organ er årsmøtet.

### § 4. STYRET SI SAMANSENING

Skogselskapet skal ha eit styre på fem medlemmer. Ein medlem med varamedlem er oppnemnd av Vestland fylkeskommune. Dei fire andre medlemene og varamedlemmer vert vald av årsmøtet.

Styret sine medlemmer har ei funksjonstid på tre år. Dei fire års- møtevalde medlemene går ut av styret etter tur, to medlemmer er på val første år, dei to neste åra er eitt medlem på val.

Årsmøtet vel to varamedlemmer i prioritert rekkefølge for eitt år om gongen.

Styremedlemene kan veljast på ny for to periodar i styret. Når ein styremedlem er vald til leiar, reknast ikkje leiarperioden med i den ordinære funksjonstida.

Styret er vedtaksført når minst halvparten er til stades, mellom desse leiar eller nestleiar.

Ved likt røystetal avgjer leiar si røyst saka.

### § 5. GJEREMÅLA TIL STYRET

Styret tek vare på Skogselskapet sine interesser, tek hand om midlar og eigedomar og fremjer Skogselskapet sine føremål på tryggaste og best moglege måte.

Ved omdisponering eller sal av eigedomar (skogeigedomar, planteskule eller annan fast eigedom) skal dette førebuast av styret for årsmøtet som gjer endeleg vedtak.

Styret tilset (eventuelt avset) selskapet sine funksjonærar, og fastset løn og instruks for arbeidet deira.

Styret kan velje eit arbeidsutval med styreleiar og nestleiar som sjølvskrivne medlemmer. Til å fremje føremålet til Skogselskapet kan styret oppnemne tillitsmenn (representantar for regionar, ein eller fleire kommunar).

Styret førebur årsmøtet, og legg fram for dette årsmelding og revidert rekneskap, dessutan oversikt over prioriterte oppgåver for det komande året.

Årsmelding og revidert rekneskap skal sendast til Det norske Skogselskap så snart årsmøtet er halde.

Styret skal utarbeide arbeidsplan og budsjett. Dette skal sendast til Det norske Skogselskap så snart det er klart.

Det skal førast møtebok over styret sine forhandlingar. Utskrift av møteboka sendast til Det norske Skogselskap så snart ho er godkjend av styremedlemene.

Den samla kollektive kontingenten for medlemene skal sendast forskotsvis til Det norske Skogselskap innan 20. april etter medlemsliste.

Skogselskapet skal i høve til utanforståande, t.d. på brevark, vise at det er tilslutta Det norske Skogselskap.

## § 6. ÅRSMØTE

Årsmøte skal haldast kvart år til tid og stad som styret fastset. Årsmøtet skal gjerast kjend på god måte, og minst to veker i førevegen.

Årsmøtet skal leiast av ein vald møteleiar.

Skogselskapet sine direkte medlemmer, æresmedlemmer og støttemedlemmer, har røysterett på årsmøtet.

Styret sine medlemmer har ikkje røysterett når det gjeld årsmelding og rekneskap.

Årsmøtet skal:

- Velje møteleiar.
- Velje to til å skrive under protokollen saman med møteleiar.
- Handsame og gjere vedtak som gjeld styret si årsmelding.
- Handsame og gjere vedtak som gjeld Skogselskapet sin rekneskap.
- Velje medlemmer og varamedlemmer til styret, og velje leiar og nestleiar for eitt år mellom styret sine medlemmer.

f) Velje revisor for eitt år.

g) Velje utsendingar til Det norske Skogselskap sitt landsmøte.

h) Velje valnemnd på tre medlemmer. Eitt medlem tre ut kvart år, første gong etter loddtrekking. Velje leiar for valnemnda.

i) Handsame saker fremja av styret.

j) Handsame innkomne saker.

k) Utnemne æresmedlemmer.

Sakene vert avgjort med vanleg fleirtal. Står røystene likt, avgjer leiaren si røyst saka.

Saker som nokon ønskjer skal takast opp på årsmøtet må sendast inn seinast fire veker før årsmøtet.

Ekstraordinært årsmøte kan kallast saman når styret finn det naudsynt, eller når minst 1/3 av medlemene krev det.

Det skal førast møtebok over årsmøteforhandlingane. Møteboka skal underskrivast av møteleiar og to medlemmer som vert valde av årsmøtet blant dei som har møtt fram og har røysterett.

## § 7. VEDTEKSENDING OG OPPLØYSING

Endring av desse vedtektene kan vedtakast på årsmøtet med 2/3 fleirtal. For å kunne handsamast på årsmøtet, må forslag til vedtektsending sendast skriftleg til styret minst tre månader før årsmøtet. Skogselskapet sine vedtekter og alle seinare vedtektsendingar skal leggjast fram for Det norske Skogselskap for godkjenning.

Framlegg til oppløysing av Skogselskapet i Sogn og Fjordane skal leggjast fram for årsmøtet. Dersom forslaget oppnår 2/3 fleirtal, skal det leggjast fram for neste ordinære årsmøte for endeleg avgjerd med 2/3 fleirtal.

Dersom Skogselskapet i Sogn og Fjordane vert oppløyst, skal midlar og eigedomar tilfalle Det norske Skogselskap, og av dette nyttast til beste for skogbruket i Sogn og Fjordane.

## § 8. VERKNADSTIDSPUNKT

Desse vedtektene er vedtekne av årsmøtet i Skogselskapet i Sogn og Fjordane 9. mai 2023, godkjend av styret i Det norske Skogselskap 5. september 2023 og gjeld som vedtekter for Skogselskapet i Sogn og Fjordane frå same dato.



Fra venstre: Erlend Herstad, Merete Larsmon, Anders Lorentzen, Terje Engvik og Tom Idar Kvam.

# Melding frå styret for 2024

## ORGANISASJONEN

Skogselskapet i Sogn og Fjordane er tilslutta Det norske Skogselskap og skal etter føremålsparagrafen i vedtektene fremje forståing av skogen sin mangesidige verdi og arbeide for eit godt skogbruk. Planteskuleeigedommen på 685 dekar på Brandsøy i Kinn er skogselskapet sin base og forretningsadresse.

## MEDLEMMER

I 2024 fekk Skogselskapet i Sogn og Fjordane ein medlems-tilgang på 96 medan 26 gjekk frå. Ved utgangen av året var det 473 medlemmer. Det er netto framgang på 70 (17 %).

## STYREARBEIDET

Styret har halde 2 møte og handsama 20 saker. Det har vore arbeidd med økonomioppfølging, prosjektoppfølgning, samarbeid mellom skogbruket og skogselskapsorganisasjonen og eigedomsforvaltning.

## TILSETTE

Skogselskapet i Sogn og Fjordane har ved utgangen av 2024 fire tilsette, to skogsvegplanleggjarar i full stilling, dagleg leiar i full stilling og seniorrådgjevar i 50% stilling.

## DET NORSKE SKOGSELSKAP

Landsmøtet i Det norske Skogselskap vert arrangert annakvart år. Det vart arrangert Landsmøte 30. mai 2024 på Gardermoen, og rådsmøte 4. og 5. november på Sundvolden Hotel. Styreleiar i Skogselskapet i Sogn og Fjordane (SSF) var ordførar under Landsmøtet og deltok også på rådsmøtet. Nestleiar i SSF deltok på Landsmøtet.

Vidare har Det norske Skogselskap arrangert Teamsmøte for tillitsvalte og tilsette, der Skogselskapet i Sogn og Fjordane har vore representert. Det norske Skogselskap har halde fram med arbeidet for å skape ein stor felles paraplyorganisasjon for alle fylkesskogselskapa. Vidare har Skogselskapet sentralt hatt eit hovudfokus på forvaltning av eigedommen i Wergelandsvegen 23B. Ruben R. Bøtun sit i styret i Det norske Skogselskap som representant for dei tilsette i organisasjonen. Etter at administrerande direktør Trygve Enger sa opp stillinga si etter mange år i Det norske Skogselskap blei Helene Nygaardsvik Ruud tilsett som ny administrerande direktør frå 1. juli 2024.

## REKNESKAPEN FOR 2024

Resultatrekneskaper er gjort opp med eit underskot på kr. 47 503, mot eit underskot på kr. 32 179 i 2023. Bokført

eigenkapital ved utgangen av året var kr. 26 053 598. Ved nyttår var avkastninga på fondsplasseringane til Skogselskapet 26,6 %.

### EIGEDOMEN PÅ BRANDSØY

Eigedomen på Brandsøy representerer ein stor ressurs for Skogselskapet i Sogn og Fjordane på fleire vis. Eigedomen er ei grøn lunge utanfor byen, som genererer inntekter for skogselskapet gjennom utleige til golfbane og hestesport. Vidare er eigedomen ein god base for å arbeide for måla og verdiane til skogselskapet. Det vart i 2024 sett opp eit grindbygg som skal fungere som servicebygg for besøkjande badegjester i Leira. Med lokalisering nær Florø by, eigen skog, strandlinje og grøne aktivitetar på eigedomen ligg tilhøva godt til rette for å drive informasjonsverksemd om skog og leggje opp til aktivitetar for unge. Det vart ikkje avverka tømmer i 2024.

### PROSJEKTSATSINGAR

**Prosjekt skogkulturmotivasjon:** I 2024 vart gjennomført med Skogselskapet i Sogn og Fjordane som prosjektansvarleg i godt samarbeid med Skogselskapet i Bergen og Hordaland og AT Skog. Hovudmålet med prosjektet er å auke arbeidet med skogkultur i fylket vårt. Arnt Laukeland var leigd inn og arrangerte skogdagarkvelder. Vegplanleggarane, Svein Saure og/eller Ruben R. Bøtun var også aktiv deltakar på fagarrangementa. Det vart arrangert totalt 27 fagarrangement med eit deltakartal på 224. Skogselskapet planlegg vidareføring av prosjektet i 2025 i samarbeid med Skogselskapet i Bergen og Hordaland og AT Skog.

**Prosjekt skogsvegplanlegging:** Prosjektet hadde sitt sjuande driftsår i 2024. Kapasiteten til planleggarane har vore fullt utnytta med planleggingsoppdrag i Vestland fylke. Det har vore halde fleire prosjektmøte i lag med Statsforvaltaren for å følge opp prosjektet. Den 21.-23. oktober deltok tre frå Skogselskapet på Fagsamling Veg i Stjørdal. Fellesplan-prosjektet som starta i 2023 i Stad og Hyllestad, Askvoll og Fjaler har halde fram, og ein ser på mogelegheita

for å auke prosjektinnsatsen i fleire kommunar i Vestland. Her har vegplanleggarane til Skogselskapet blitt nytta til å lage gode fellesplanar for skogeigarar, der ein ser på samarbeid både når det gjeld vegbygging og skogstiltak som hogst.

**Prosjekt korte kurs i skogbruket:** Med finansiering frå Vestland Fylkeskommune gjennomførte Skogselskapet i løpet av 2024 ein kursserie med aktuelle tilbod til skogeigarar og skoginteresserte. I denne perioden vart det gjennomført totalt 41 skogarrangement for 582 deltakarar. Fordelinga av kursa var som følgjer: 14 apteringskurs/kappekurs, 10 skogfondkurs, 6 digitale skogkveldar for skogeigarar, 4 PEFC kurs, 3 motorsagkurs for ungdom, 3 skogkveldar for kvinner og 1 motorsagkurs for kvinner.

**Skuleskogdagar:** Det vart gjennomført 19 skuleskogdagar rundt om i fylket fordelt på regionane Sogn (9) og Sunnfjord (10) med ca. 380 skuleborn/elevlar.

**Vestland Skognettverk:** Skogselskapet mottok midlar frå Kystskogbruket for å vere sekretær i Vestland Skognettverk, som er ein interesseorganisasjon for skognæringa på Vestlandet knytt til Skognæringa Kyst SA. I august vart det gjennomført eit skogseminar, med ein politisk debatt med Stortings- og fylkestingspolitikarar, med om lag 100 deltakarar. Arrangementet vart gjennomført i Voss Kulturhus på grunn av dårleg vær. Elles deltek sekretæren på månadlege digitale informasjons- og drøftingsmøte i Skognæringa Kyst.

### SKOGSELSKAPET – VIDARE UTVIKLING OG SAMARBEID

Skogselskapet i Sogn og Fjordane er inne i ei god utvikling med fin auke i medlemstalet og solid økonomisk fundament for aktivitetane som vert drivne. Skogselskapet vonar å halde fram med den gode rekrutteringa også i åra framover og tek sikte på å føre vidare det næringsretta prosjektarbeidet til det beste for framtidsskogen og næringsutøvarane, spesielt med fokus på skogkultur og rett hogsttidspunkt. Vi vil også satse på å hjelpe ungdommar i regionen til å arbeide i skogen som sommarjobb. Vidare vil vi leggje vekt på å samarbeide godt innan skogselskaps-familien. Ut mot ålmenta vil vi halde fram med tilboda til familiar og born og unge.

Brandsøy, 6. mars 2025

  
Terje Engvik

  
Merete Larsmon

  
Tom Idar Kvam

  
Anders Lorentzen

  
Erlend Herstad

**Resultatrekneskap pr. 31.12.2024**

| <b>INNTEKTER</b>                             | <b>2024</b>      | <b>2023</b>      |
|----------------------------------------------|------------------|------------------|
| Diverse tilskot                              | 25 000           | 57 250           |
| Plantesal                                    | 66 905           | 39 967           |
| Sal av diverse utstyr                        | 21 743           | 80 090           |
| Sal av tenester                              | 461 631          | 237 207          |
| Tilskot til prosjekt                         | 4 169 407        | 3 859 884        |
| Festeavgift                                  | 157 200          | 150 000          |
| Diverse leigeinntekter                       | 648 582          | 427 774          |
| Medlemspengar                                | 59 277           | 63 825           |
| Info-avgift                                  | 175              | 8 225            |
| Momskompensasjon                             | 25 869           | 9 474            |
| Kursavgift                                   | 92 510           | 147 300          |
| Diverse inntekter                            | 14 136           | 1                |
| <b>Sum inntekter</b>                         | <b>5 742 435</b> | <b>5 080 997</b> |
| <b>UTGIFTER</b>                              |                  |                  |
| <b>Løn, administrasjon m.m.</b>              | <b>3 611 903</b> | <b>3 264 168</b> |
| Plantekjøp                                   | 52 207           | 12 344           |
| Innkjøpte tjenester/varer til prosjekt       | 1 326 515        | 1 193 738        |
| Stubbekonsert                                | 0                | 49 378           |
| Straum, eigedomsskatt, forsikringar          | 178 237          | 176 268          |
| Verktøy, rekvisita, vedlikehald              | 424 186          | 267 524          |
| Vedlikehald uteareal                         | 86 796           | 90 812           |
| Kontingent DnS                               | 0                | 30 200           |
| Avskrivningar                                | 226 246          | 61 680           |
| Andre driftskostnader                        | 170 556          | 142 820          |
| <b>Sum andre driftskostnader</b>             | <b>2 464 743</b> | <b>2 024 764</b> |
| <b>Sum driftskostnader</b>                   | <b>6 076 646</b> | <b>5 288 932</b> |
| <b>Driftsresultat</b>                        | <b>-334 211</b>  | <b>-207 935</b>  |
| <b>Finansinntekter og finanskostnader:</b>   |                  |                  |
| Renteinntekter                               | 152 055          | 150 875          |
| Utbytte                                      | 7 952            | 7 401            |
| Gevinst ved aksjesal                         | 149 713          |                  |
| Verdiauke aksjar                             | 1 870            | 17 480           |
| Verdireduksjon aksjar                        | -24 882          | 0                |
| <b>Netto finanspostar</b>                    | <b>286 708</b>   | <b>175 756</b>   |
| <b>Resultat Sogn og Fjordane Skogselskap</b> | <b>-47 503</b>   | <b>-32 179</b>   |
| <b>Overføring til/frå eigenkapital</b>       |                  |                  |
| Resultat overført eigenkapital               | -47 503          | -32 179          |
| <b>Sum overføringar</b>                      | <b>-47 503</b>   | <b>-32 179</b>   |



## Balanse pr. 31.12.2024

| EIGEDLAR                                         |            | 2024              | 2023              |
|--------------------------------------------------|------------|-------------------|-------------------|
| <b>Anleggsmidler:</b>                            |            |                   |                   |
| Maskiner, traktor Brandsøy Planteskule pr.01.01. | 45 000     |                   |                   |
| Kjøp traktor og maskiner                         | 1 277 039  |                   |                   |
| sal traktor og maskiner                          | -220 000   |                   |                   |
| - avskrivningar                                  | 226 246    | 875 793           | 45 000            |
| Brandsøy Planteskule, tomt m.m.                  |            | 299 948           | 299 948           |
| <b>Sum anleggsmidler</b>                         |            | <b>1 175 741</b>  | <b>344 948</b>    |
| <b>Omløpsmidlar:</b>                             |            |                   |                   |
| Kundefordringar                                  |            | 1 865 646         | 625 459           |
| Til gode skogfond                                |            | 6 928             | 7 908             |
| Andelskapital AT Skog                            |            | 5 291             | 5 291             |
| Aksje- og rentefond                              |            | 19 845 531        | 20 196 000        |
| Aksjar Skogbrukets Konferansesenter AS           |            | 93 356            | 118 238           |
| Aksjar Ytre Sunnfjord Holding AS                 |            | 103 171           | 101 301           |
| Bank                                             |            | 3 482 508         | 5 280 131         |
| <b>Sum omløpsmidlar</b>                          |            | <b>25 402 431</b> | <b>26 334 328</b> |
| <b>Sum eigedelar</b>                             |            | <b>26 578 172</b> | <b>26 679 276</b> |
| <b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>                     |            |                   |                   |
| <b>Eigenkapital:</b>                             |            |                   |                   |
| Eigenkapital pr. 01.01                           | 26 101 101 |                   |                   |
| Årets resultat                                   | -47 503    | 26 053 598        | 26 101 101        |
| <b>Sum eigenkapital</b>                          |            | <b>26 053 598</b> | <b>26 101 101</b> |
| <b>Kortsiktig gjeld:</b>                         |            |                   |                   |
| Leverandørgjeld                                  |            | 221 084           | 107 696           |
| Offentlege trekk og avgifter                     |            | -623              | 161 983           |
| Anna kortsiktig gjeld                            |            | 304 113           | 308 496           |
| <b>Sum kortsiktig gjeld</b>                      |            | <b>524 574</b>    | <b>578 175</b>    |
| <b>Sum eigenkapital og gjeld</b>                 |            | <b>26 578 172</b> | <b>26 679 276</b> |

Brandsøy, 6. mars 2025



Terje Engvik



Merete Larsmon



Tom Idar Kvam



Anders Lorentzen



Erlend Herstad

## Revisjonsmelding

### Sogn og Fjordane Skogselskap

Underteikna har gjennomgått rekneskap med tilhøyrande lister og bilag for Sogn og Fjordane Skogselskap, Brandsøy Planteskule, Brandsøy Planteskule eigedom, og Prosjekt veiplanlegging

Rekneskapen er gjort opp med eit underskot på kr – 47 503,-

So langt vi ser er rekneskapen ført etter dei reglar som gjeld og etter god rekneskapsskikk.

Vi kan tilrå at framlagt rekneskap vert vedteken som Sogn og Fjordane Skogselskap sitt årsresultat for 2024

Lyngseidet 01.04. 2025.

Mo 2/4 - 2025

Jarl Henrik Devik


Leif Magne Aarnes

# Aktivitetsrapport frå Brandsøy

Det har vore ei god auke i aktivitetar i regi av Skogselskapet i Sogn og Fjordane dei siste åra, og dette aktivitetsnivået har me jobba me med å halde oppe i 2024 også. Me ynskjer å få til varierte skogarrangement som gir kunnskap om skog og inspirasjon til å bruke skogen som næringsarena.

Totalt har Skogselskapet i Sogn og Fjordane gjennomført 80 arrangement i løpet av 2024 med om lag 1274 deltakarar i nesten heile Vestland fylke.

Kartet syner dei kommunane der Skogselskapet har arrangert ein skogdag eller skogkveld.







Ungdommar på Hestenesøyra i Gloppen kommune

## Sommarjobb for ungdom

I 2024 var det første året med prosjektet Sommarjobb for Ungdom der 9 ungdommar i alderen 15-24 år vart tilsett som skogsarbeidarar i både Sunnfjord og Nordfjord. Ungdommane fekk kurs i ungsogpleie med ryddesag, og jobba i Fjaler, Sunnfjord og Gloppen kommune. Totalt rydda dei om lag 360 dekar ungsog. Prosjektet var delfinansiert med midlar frå fylkeskommunen, statsforvaltaren, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og kommunale rentemidlar. Prosjektet var sett på som vellukka og det er ein plan om å halde fram prosjektet i 2025.







## Vestland Skognettverk

Dagleg leiar fungera som sekretær for Vestland Skognettverk, ein interesseorganisasjon for skog- og trenæringa i fylket. Skognettverket har arrangert karrieredagar på Voss og i Førde i januar, og eit større skogseminar med skogdebatt på Voss med 100 deltakarar og 8 fylkestingpolitikarar i august. Etter seminaret og skogdebatten vart det arrangert årsmøte.

## Eigedomen

Arbeidet med å rydde opp etter planteproduksjonen har heldt fram. Me hadde to dugnads-kveldar i mai med eit handballag som fekk rydda plantebrett etter planteproduksjonen. Det står framleis att noko som skal ryddast i løpet av 2025.

I 2023 starta arbeidet med å måle driftsbygninga, men på grunn av dårleg vær vart ikkje arbeidet ferdig, og det vart fullført i 2024. Det vart også skifta lysarmatur inne i 1. etg. i driftsbygninga.

Leira, som ligg like ved eigedommen vår er regulert som offentlig badeplass, og i samband med oppsetting av grindbygget vart det gjort ein del grunnarbeid med tanke på drenering og sørge for stabile massar. Me ynskjer å vidareutvikle denne badeplassen slik at den blir meir brukt av lokalbefolkninga og besøkande.



Frå dugnad i mai

## Drift av eigedomen

Utleige: Me leiger ut areal til Sunnfjord Hestesportsenter, Florø Golfklubb og to mindre leigetakarar i område. Det arbeidast stadig med å vidareutvikle område, for å legge til rette for dei som allereie leiger areal, men også dei som nyttar område til rekreasjon.

Våningshuset er bortleigd, og i driftsbygninga leiger golfklubben ein del areal. Kinn kommune eit arbeidsrom, resten er nytta til eige drift og utleige av lageropphald.

## Kontakt mot skular og ålmenta

Det vart gjennomført totalt 19 skuleskogdagar for om lag 380 elevar. Skular me besøkte var i kommunane: Vik, Sunnfjord, Kinn, Askvoll, Fjaler, Sogndal og Årdal. Det var som regel 5. klasse som hadde skuleskogdagar, men me besøkte skuleklassar frå 1. til 10. klasse.

I januar arrangerte me 2 karrieredagar for Voss vgs. og Førde vgs. der me formidla om høgare utdanning innan skogbruk, og mogelegheiter for eit yrke innan skogbruk.

Den 10. juni var det den nasjonale plantedagen, der Skogselskapet i Sogn og Fjordane hadde med seg skuleklassar frå Brandsøy skule for å plante skog ved den gamle planteskulen. I oktober arrangerte me haustingsdag i lag med soppkontrollør Fred-Arild Grøneng og hjorteespert Johan Trygve Solheim frå Norsk



Frå haustingsdagen i Brandsøya med skuleklassar frå Fresvik og Brandsøy

Hjortesenter. Me fekk besøk av to skular der me fekk synt fram ressursane som finnes i utmarka. På kvelden møtte om lag 30 vaksne for å både høyre og smake på saft, soppstuing og hjortekjøtt.

## Skogkulturprosjekt og Korte Kurs



Gjennom skogkulturprosjektet vart det arrangert 27 skogdagar med 225 deltakarar over heile Vestland fylke. Prosjektet har som mål å auke motivasjonen til skogeigar for å drive med skogkultur, både skogplanting og ungsogpleie. Gjennom prosjektet vart det tinga 978,5 dekar med ungsogpleie. Ein del av dette vart ca. 380 daa utført i 2024, medan resten skal utførast i 2025. Det vart også tinga 38.600 planter som blir planta i perioden 2024/2025. Prosjektet har i 2024 vore i samarbeid med Skogselskapet i Bergen og Hordaland, i tillegg til skogsamvirket AT Skog.

I løpet av 2024 vart det arrangert 41 skogarrangement for 594 deltakarar gjennom prosjektet Korte Kurs, som har som mål å auke kunnskapen om skog og skogbruk i fylket. Tema på kursa varierer etter etterspørsel, og dei mest populære kursa i 2024 var kappekurs og fagkveldar (t.d. skogfond). I tillegg held me fram med å arrangere skogkveldar for kvinner, i november hadde me tre arrangement i Sogndal, Gloppen og Voss for til saman ca. 120 damer der tema var å utnytte ressursane i utmarka.



## Skogsdrift

Det vart ikkje avverka tømmer i 2024, men Skogselskapet kjøpte inn ein brukt tømmerhengar som vil bli brukt til framtidig hogst på eigedommen i Brandsøy. Elles vart det fjerna ein del mindre vest-amerikansk hemlokk gjennom eit prosjekt i lag med miljøavdelinga hjå Statsforvaltaren i Vestland.


## Skogsvegprosjektet

Skogselskapet er prosjektansvarleg Skogsvegprosjektet som i hovudsak er finansiert av Statsforvaltaren i Vestland.

I vegprosjektet har det blitt jobba med til saman 52 ulike vegprosjekt i Vestland fylke. Her tilbyr skogselskapet gratis rettleiing for skogeigarar som er interesserte i å bygge skogsbilveg for å drive skogen. I tillegg har vegplanleggarane jobba med fellesplanar i Stad og Hyllestad, Fjaler og Askvoll kommune. Våre to vegplanleggarar Guri Tyssebotn og Asle Lyslo tilbyr rettleiing til planlegging av skogsbilveg i heile Vestland fylke. Me har også leigd inn vegplanleggar Egil Devig frå Sunnfjord til enkeltprosjekt.



Guri Tyssebotn



Asle Lyslo

## Plantelevering

I 2024 leverte me totalt 10.010 planter, fordelt på 9000 gran 300 lerk, 710 fjelledelgran.

## Møter og samlingar

Det vart arrangert kurs i grindbygg for medlemmar av Skogselskapet i februar, der kurset gjekk over fire dagar og ein lærte tradisjonell byggeskikk i form av grindbygg på storleik 6x4 meter. Bygget blei satt opp ved Leira badeplass og skal fungere som eit servicebygg for badegjester.



Kursdeltakarar og kursinstruktør med ferdig grindbygg.

## Anna

Dagleg leiar har delteke på månadlege digitale møter med Det norske Skogselskap og andre fylkeslag. I løpet av året har dagleg leiar vore dei tilsette sin representant i styret i Det norske Skogselskap. Landsmøte vart arrangert på Gardermoen med dagleg leiar og nestleiar i styret representerte SSF, styreleiar Terje Engvik var ordstyrar under landsmøte. Dagleg leiar deltok på tilsettesamling i august på Meråker bruk der Skogselskapet i Trøndelag var vertskap. Dagleg leiar og styreleiar deltok på rådmøte 4. og 5. november.





Brandsøy, 30. januar



Skuleskogdag med  
mini-tjæremile



Fuglekasseprosjekt med  
Fresvik skule, november.



Skuleskogdag i Øvre  
Ardal 2. september



Deltaking under Bygningvernveka i Dale for 7. klassingar i Fjaler kommune







# Ein vegplanleggar sine tankar

**Nemninga vegplanleggar seier noko, men ikkje nok. Me driv med heilheitleg planlegging. Me byggjer ikkje vegar for å bruke i dag. Me byggjer vegar for å kunne driva skogbruk i generasjonar.**

Det er hogsten i dag som skal betala for vegen, men det er vell så viktig å ha ein god infrastruktur når ungskogen skal skjøttast. Vegen skal byggas så godt at den kan brukast til neste omgong skogen skal hoggast att. Eit godt vedlikehald av vegen er då viktig. Set att nok peng på skogfond til dette!

Samarbeid er ofte nøkkelen for ein god veg. Me arrangerer møter for å samla grunneigarane å diskutera moglege vegløyser. Me drøftar hogstmodenheit, tømmervolum, prisutvikling og viktigheita av skogfond, alt dette for å syna kva verdiar dei små vestlandsbruka sit på. Åleine, vert vegbygging dyrt. Med samarbeid med naboar kan prosjekt bli svært lønnsamme. Det er ikkje alltid det vert lønsamt med felles vegbygging heller, men forventingsavklaring er også ein stor del av jobben vår.

Ein avgjerande faktor er tilgjengelegheita på statstilskot. Det er knapt om midlane. Og svært avgjerande på økonomien av prosjekta. Det gjer at små og mindre lønnsame vegprosjekt vert ståande på ventelista. Kven tapar på det? Jo alle. Ingen

lokal gravemaskinentreprenør får arbeid, ingen får hogge eller selje tømmeret. Kanskje ein skuleungdom kunne planta ny skog. Skogeigar får ikkje inntekt på skogen. Men den som tapar mest på dette er kommunen og ålmenta. All skatteinntekta frå alle desse ledda, uteblir. Det vert heller ikkje noko ny tur-veg for bygda det året. Me bygger landbruksveg, men det vert ein fleirbruksveg. Eit «enkelt, kom deg ut tiltak».

Og for å få til dette treng me vilje og statstilskot. Framsnakk vegbygging og viktigheita av statleg støtte, til ein ven og gjerne til ein politikarven! Der det er vilje, er det veg.

*Guri Ophus Tyssebotn  
Vegplanleggar*





# KJØP SKOGSUTSTYR HOS FAGFOLK!

KONTAKT OSS I DAG FOR GODE TILBUD!

Fendt 314

**FENDT**



Farma  
tømmervogner

**FARMA**



Dalen  
vedmaskin



Husqvarna  
motorsager



**H**  
Husqvarna

**Eiksenteret Førde**

Øyrane 5, 6800 Førde – Tlf. 57 83 43 83

**EIK**  
SENTERET

## Løyvingar til skogsvegar og ferdiggodkjendte vegar i Sogn og Fjordane 2024

| Kommune   | Vegnamn                 | Vegklasse |                                  | Tal interesserantar | Løyving 2024     | Utbetalt 2024    |
|-----------|-------------------------|-----------|----------------------------------|---------------------|------------------|------------------|
| Hyllestad | Hjortehauganevegen      | 7         | Traktorveg for lassberar         | 1                   |                  | 69 585           |
| Hyllestad | Åsvegen                 | 4         | Skogsbilveg for barmarksperioden | 2                   | 30 000           | 22 500           |
| Vik       | Feiosvegane             | 4         | Skogsbilveg for barmarksperioden | 13                  | 5 000 000        | 2 833 600        |
| Vik       | Øksdalsvegen 4          | 7         | Traktorveg for lassberar         | 1                   |                  | 36 000           |
| Vik       | Øyasetevegen            | 4         | Skogsbilveg for barmarksperioden | 11                  |                  | 150 950          |
| Sogndal   | Saurdalsvegen           | 4         | Skogsbilveg for barmarksperioden | 6                   |                  |                  |
| Sogndal   | Bruhjellsvegen 2        | 7         | Traktorveg for lassberar         | 1                   |                  | 55 325           |
| Sogndal   | Tjødnevegen             | 4         | Skogsbilveg for barmarksperioden | 1                   |                  | 200 000          |
| Luster    | Bremermarki 2           | 7         | Traktorveg for lassberar         | 1                   | 126 000          |                  |
| Luster    | Spilderfossvegen        | 7         | Traktorveg for lassberar         | 1                   |                  | 18 311           |
| Luster    | Gardshaugvegen          | 5         | Skogsbilveg u/hengar             | 1                   |                  |                  |
| Luster    | T-snuplass Skårdalen    | 4         | Skogsbilveg for barmarksperioden | 2                   | 39 549           | 39 549           |
| Luster    | T-snuplass Vad          | 3         | Heilårs skogsbilveg              | 1                   | 28 931           | 28 931           |
| Askvoll   | Landbruksveg 206/1, kl7 | 7         | Traktorveg for lassberar         | 1                   |                  | 30 000           |
| Askvoll   | Løvikerrimmavegen       | 7         | Traktorveg for lassberar         | 1                   |                  | 65 400           |
| Fjaler    | Eikevikvegen            | 3         | Heilårs skogsbilveg              | 2                   |                  | 701 404          |
| Fjaler    | Raknebergvegen          | 3         | Heilårs skogsbilveg              | 1                   | 50 000           | 190 000          |
| Sunnfjord | Vikalivegen             | 4         | Skogsbilveg for barmarksperioden | 5                   |                  | 1 184 409        |
| Sunnfjord | Føllingsvegen           | 4         | Skogsbilveg for barmarksperioden | 2                   |                  | 602 511          |
| Sunnfjord | Høgelvegen 2            | 7         | Traktorveg for lassberar         | 1                   |                  | 9 200            |
| Sunnfjord | Kapstadvegen            | 4         | Skogsbilveg for barmarksperioden | 3                   | 1 075 000        |                  |
| Sunnfjord | Teigarabbvegen          | 4         | Skogsbilveg for barmarksperioden | 1                   |                  | 240 000          |
| Sunnfjord | Ytreåsstøylsvegen       | 4         | Skogsbilveg for barmarksperioden | 4                   | 225 000          | 225 000          |
| Stad      | Nausavegen              | 4         | Skogsbilveg for barmarksperioden | 7                   |                  | 48 600           |
| Stad      | Rotveltevegen II        | 4         | Skogsbilveg for barmarksperioden | 4                   |                  | 300 510          |
| Stad      | Sætrevegen nedredel     | 5         | Skogsbilveg u/hengar             | 6                   |                  | 300 000          |
| Stad      | Åsvegen                 | 4         | Skogsbilveg for barmarksperioden | 2                   |                  |                  |
| Gloppen   | Liabakkvegen            | 4         | Skogsbilveg for barmarksperioden |                     | 1 991 000        | 1 562 400        |
| Gloppen   | Øvre fjøsvegen          | 4         | Skogsbilveg for barmarksperioden | 1                   |                  | 130 000          |
| Gloppen   | Skorvavegen             | 4         | Skogsbilveg for barmarksperioden | 1                   |                  | 60 000           |
|           |                         |           |                                  | <b>84</b>           | <b>8 565 480</b> | <b>9 104 185</b> |



# SKOGBRUKET I SOGN OG FJORDANE 2024

|  | Totalt            |                   |          | Nyanlegg     |                   |                  | Ombygging    |                  |                  | Godkjend  |
|--|-------------------|-------------------|----------|--------------|-------------------|------------------|--------------|------------------|------------------|-----------|
|  | Kostnad           | Tilskot           | Bru      | Lengde (m)   | Kostnad           | Tilskot          | Lengde (m)   | Kostnad          | Tilskot          |           |
|  | 363 600           | 69 585            |          | 530          | 363 600           | 69 585           |              |                  |                  | *         |
|  |                   |                   |          |              |                   |                  |              |                  |                  |           |
|  | 411 832           | 36 000            |          | 510          | 287 718           | 36 000           | 220          | 124 114          |                  | *         |
|  | 2 000 000         | 1 036 000         |          | 480          | 600 000           | 310 800          | 2 000        | 1 400 000        | 725 200          | *         |
|  | 110 650           | 55 325            |          | 170          | 110 650           | 55 325           |              |                  |                  | *         |
|  | 400 000           | 200 000           |          | 272          | 400 000           | 200 000          |              |                  |                  | *         |
|  | 230 940           | 103 925           |          | 547          | 230 940           | 103 925          |              |                  |                  | *         |
|  | 1 434 425         | 758 400           |          | 1 000        | 1 434 425         | 758 400          |              |                  |                  | *         |
|  | 65 915            | 39 549            |          | 32           | 65 915            | 39 549           |              |                  |                  | *         |
|  | 70 563            | 28 931            |          | 32           | 70 563            | 28 931           |              |                  |                  | *         |
|  | 225 000           | 30 000            |          | 283          | 225 000           | 30 000           |              |                  |                  | *         |
|  | 177 110           | 65 400            |          | 223          | 177 110           | 65 400           |              |                  |                  | *         |
|  | 271 350           | 190 000           |          |              |                   |                  | 112          | 271 350          | 190 000          | *         |
|  | 6 139 986         | 2 940 000         |          | 3 191        | 6 139 986         | 2 940 000        |              |                  |                  | *         |
|  | 1 506 366         | 1 005 000         |          | 506          | 1 106 366         | 738 133          | 300          | 400 000          | 266 867          | *         |
|  | 323 568           | 92 000            |          | 330          | 323 568           | 92 000           |              |                  |                  | *         |
|  | 480 000           | 240 000           |          |              |                   |                  | 200          | 480 000          | 240 000          | *         |
|  | 709 234           | 225 000           |          |              |                   |                  | 935          | 709 234          | 225 000          | *         |
|  | 875 572           | 486 000           |          |              |                   |                  | 1 438        | 875 572          | 486 000          | *         |
|  | 653 160           | 300 000           |          |              |                   |                  | 1 100        | 653 160          | 300 000          | *         |
|  | 327 530           | 262 024           |          |              |                   |                  | 375          | 327 530          | 262 024          | *         |
|  | 260 000           | 130 000           |          | 170          | 260 000           | 130 000          |              |                  |                  | *         |
|  | 120 000           | 60 000            |          |              |                   |                  | 150          | 120 000          | 60 000           | *         |
|  | <b>17 156 801</b> | <b>8 353 139</b>  | <b>0</b> | <b>8 276</b> | <b>11 795 841</b> | <b>5 598 048</b> | <b>6 830</b> | <b>5 360 960</b> | <b>2 755 091</b> | <b>21</b> |
|  |                   | av dette bilvegar |          | 5 683        | 10 077 255        | 5 145 813        | 6 610        | 5 236 846        | 2 755 091        |           |

## Adresseliste skogansvarlege Vestland

| Statsforvaltaren i Vestland | Kontaktperson        | E-post                             |
|-----------------------------|----------------------|------------------------------------|
|                             | Dirk Kohlman         | dirk.kohlmann@statsforvalteren.no  |
|                             | Gro Kampp Hansen     | gro.hansen@statsforvalteren.no     |
|                             | Torkel Hofseth       | torkel.hofseth@statsforvalteren.no |
|                             | Turid Digernes Eikås | turid.eikas@statsforvalteren.no    |
|                             | Torleiv Skage        | tskag@statsforvalteren.no          |
|                             | Torgrim Østgård      | toost@statsforvalteren.no          |

| Kommune                        | Kontaktperson        | E-post                                       |
|--------------------------------|----------------------|----------------------------------------------|
| Askvoll, Fjaler, Hyllestad     | Kenneth Aaland       | kenneth.aaland@askvoll.kommune.no            |
| Bremanger                      | Bjørn H Marthinussen | bhm@bremanger.kommune.no                     |
| Gloppen, Stad                  | Karoline Bjerkeset   | karoline.aldis.bjerkeset@gloppen.kommune.no  |
| Kinn                           | Magnus Frøyen        | magnus.froyen@kinn.kommune.no                |
| Luster, Årdal, Lærdal, Aurland | Arne Kristian Borger | arne.kristian.borger@luster.kommune.no       |
| Sogndal                        | Andreas Stenmark     | Andreas.Stenmark@sogndal.kommune.no          |
| Solund, Gulen                  | Håvard Tveit         | havard.tveit@gulen.kommune.no                |
| Stad                           | Trine Alme           | trine.alme@stad.kommune.no                   |
| Stryn                          | Sigbjørn Rolandsen   | sigbjorn.rolandsen@stryn.kommune.no          |
| Sunnfjord                      | Oddbjørn Sellevoll   | Oddbjorn.Kare.Sellevoll@sunnfjord.kommune.no |
| Sunnfjord                      | Henning Malones      | Sverre.Henning.Malones@sunnfjord.kommune.no  |
| Vik, Balestrand, Høyanger      | Ida Øie              | Ida.Oie@vik.kommune.no                       |



# Årsmelding for skogkulturen og anna skogsnadder i Sogn og Fjordane 2024

**Trass rekordhogst i Vestland i 2024 (564 000 m<sup>3</sup>) var hogsten i Sogn og Fjordane nesten identisk med 2023 (197 000 m<sup>3</sup>). Skogkulturen ligg eit eller fleire år etter hogsten, for Sogn og Fjordane utgjorde ny- og suppleringsplanting 574 000 planter i 2024, ein nedgang på 12 % frå 2023.**

Overlevinga i plantefelta våre er framleis eit prioritetsområde for skogkulturinnsatsen vår. Våren 2025 vil vi gjere ei siste måling av plantane som inngår i «Prosjekt store planter 2022 – 2024» som Statsforvaltaren har initiert og gjer alt arbeid på. Førebelse resultat frå prosjektet var omtala i førre årsmelding, no har det gått 3 vekstsesongar med hardt press frå snutebilla. Det kan nemnast at vi også denne våren har sådd inn planter til eit nytt prosjekt, som vi kanskje må kalle «Prosjekt ekstra store planter». Norgesplanter på Hokksund har brukt brett med rotvolum 150 cm<sup>3</sup>, dobbelt så stort som M60. Planen er å dyrke 450 stk 2-årige planter av denne typen med lik fordeling på kjemisk, voks og wood-coatbehandling. Kontrollgruppe er M60-planter med same snutebillebehandling. Samstundes har Skogsplanter Midt-Norge sådd inn planter i brett med rotvolum 275 cm<sup>3</sup>. Brettta har same storleik som dei vanlege M95 og M60-bretta, og med det store rotvolumet kan vi difor kalle denne plante-typen M35, klar for snutebilleområder på Sunnmøre.

Samstundes skjer det mykje interessant forskning på overleving av planter i skogbruket, både nasjonalt og internasjonalt. Svenskane har systematisert eit stort prosjekt med å finne svaret på kvifor kvar tredje plante døyr i felt etter å ha forlete planteskulane. Eit liknande prosjekt er starta i Noreg då vi opplev tilsvarande eller høgare fråfall i alle regionar her og.

For å ha ein meir variert tilgong på stadeigent materiale i skogkulturen blei det sumaren 2024 sankt frø frå hengebjørk i eit bestand på Nessane. Her har det på 90-talet vore gjort ein god jobb av skogfunksjonærar med utval av plusstre og sanking av frø, bestanden vi sankt i denne gongen var planta i 1994. Med bonitet B23 har dette bestanden ved 30-års alder 18 – 19 m høge tre med snittvolum litt over 400 liter. Skogfrøverket har no ein oppdatert behaldning av ferske frø som kan nyttast i indre fjordstrøk. Hengebjørka fortener ein større plass i skogbruket på Vestlandet!

Vi treng framleis å sanke bestandsfrø frå mellom anna furu frå alle regionar utanom indre Sogn (li) der ein framleis har ein god behaldning og ferske frø. Vi prioriterer også å sanke frø frå fleire lauvtresortar, vi har mellom anna flotte bestand av svartor i Balestrand og Alværen (Høyanger) i kikkerten til neste gong det er mykje frø.

NIBIO har ansvaret for å organisere barkebilleovervakinga i Noreg, og dei to siste åra har Vestlandet også vore innlemma. I fjor var det sett ut i alt 7 feller langs Sognefjorden, frå Fardal i aust til Årbergdalen i vest. Av totalt 4 tømningar var det fyrste tømning i slutten av mai som viste at det var ein god del biller. Ei felle i Huksdalen hadde toppnoteringa med 3064 biller, noko forskarane på NIBIO kalla ein betydeleg fangst. Fangsttala avtok mykje frå Saurdalen og vestover, tilhøva er nok ikkje så gode for granbarkebilla i meir fuktige områder. I 2025 fortset vi i Nordfjord. Planen er å avslutte kartlegginga etter det, og vi har fått litt meir kunnskap om granbarkebilla på Vestlandet desse åra. Skulle det til dømes skje ein ny katastrofe med mykje vindfelling vil det vere aktuelt å overvake situasjonen.

JOB:U-prosjektet som har vore gjennomført i Sogn og Fjordane har stått for 30 % av den totale ungsogopleie-aktiviteten i Vestland, som totalt var på 1004 daa. Fyrste året med prosjekt har gitt oss ein verdifull erfaring og vi vil rose Skogselskapet i Sogn og Fjordane for ein god jobb med alt frå planlegging, opplæring og gjennomføring. Vi har fanga opp nokre tilbakemeldingar frå skogeigarar som syns det er flott at norsk ungdom har pleia ungsogogen deira.

*Torgrim Østgård, seniorrådgjevar, Statsforvaltaren i Vestland*

## Nyplanting og suppleringsplanting 2024

| KOMMUNE          | TILTAK              | ANTALL  | AREAL | KOSTNAD   | TILSKUDD  |
|------------------|---------------------|---------|-------|-----------|-----------|
| 4638 - Høyanger  | NYPLANTING          | 31 500  | 129   | 254 540   | 122 518   |
| 4639 - Vik       | NYPLANTING          | 5 250   | 21    | 45 150    | 23 478    |
| 4640 - Sogndal   | NYPLANTING          | 31 500  | 129   | 280 760   | 139 405   |
|                  | SUPPLERINGSPLANTING | 500     | 5     | 3 700     | 2 960     |
| 4644 - Luster    | NYPLANTING          | 6 600   | 26    | 55 560    | 37 746    |
|                  | SUPPLERINGSPLANTING | 6 500   | 42    | 59 750    | 46 345    |
| 4645 - Askvoll   | NYPLANTING          | 14 125  | 102   | 120 313   | 42 108    |
|                  | SUPPLERINGSPLANTING | 3 200   | 40    | 29 120    | 12 376    |
| 4646 - Fjaler    | NYPLANTING          | 10 100  | 44    | 84 875    | 36 436    |
|                  | SUPPLERINGSPLANTING | 2 300   | 18    | 20 930    | 14 651    |
| 4647 - Sunnfjord | NYPLANTING          | 300 910 | 1 260 | 2 544 925 | 1 308 218 |
|                  | SUPPLERINGSPLANTING | 24 360  | 232   | 221 713   | 166 411   |
| 4649 - Stad      | NYPLANTING          | 41 300  | 179   | 341 730   | 172 911   |
|                  | SUPPLERINGSPLANTING | 4 000   | 65    | 42 800    | 34 368    |
| 4650 - Gloppen   | NYPLANTING          | 38 705  | 178   | 344 436   | 174 594   |
|                  | SUPPLERINGSPLANTING | 5 100   | 140   | 46 400    | 35 301    |
| 4651 - Stryn     | NYPLANTING          | 45 620  | 202   | 392 058   | 197 111   |
|                  | SUPPLERINGSPLANTING | 300     | 6     | 2 610     | 1 566     |

## Ungskogpleie 2024

| KOMMUNE          | TILTAK       | AREAL | KOSTNAD | TILSKUDD |
|------------------|--------------|-------|---------|----------|
| 4640 - Sogndal   | UNGSKOGPLEIE | 60    | 37 400  | 26 180   |
| 4644 - Luster    | UNGSKOGPLEIE | 78    | 69 797  | 62 816   |
| 4646 - Fjaler    | UNGSKOGPLEIE | 114   | 100 200 | 50 100   |
| 4647 - Sunnfjord | UNGSKOGPLEIE | 118   | 78 950  | 39 475   |
| 4650 - Gloppen   | UNGSKOGPLEIE | 123   | 75 000  | 37 500   |

## Andre skogkulturtiltak 2024

| KOMMUNE          | TILTAK             | ANTALL | AREAL | KOSTNAD | TILSKUDD |
|------------------|--------------------|--------|-------|---------|----------|
| 4644 - Luster    | ETABL.JULETREPROD. | 845    | 2     | 10 000  |          |
| 4647 - Sunnfjord | FLATERYDDING       |        | 4     | 2 000   | 1 000    |
| 4647 - Sunnfjord | ETABL.JULETREPROD. | 2 800  | 6     | 77 629  |          |
| 4647 - Sunnfjord | GJØDSLING FASTMARK |        | 44    | 8 490   | 4 245    |
| 4650 - Gloppen   | FLATERYDDING       |        | 18    | 18 200  |          |
| 4650 - Gloppen   | GJØDSLING FASTMARK |        | 4     | 2 283   |          |



Arnt Laukeland samlar  
bjørkeraklar frå Nessane,  
Balestrand.



Ungskogpleie i Byrkjelo, Gloppen.





## Årsmelding Skog i Sogn 2024

Den interkommunale skogforvaltninga i indre og midtre Sogn er organisert som eit samarbeid for dei sju kommunane Luster, Sogndal, Vik, Høyanger, Årdal, Lærdal og Aurland. Ein har fått samla ressursane i regionen på tre stillingar (2,6 årsverk). Det har og vore endringar i samarbeidet i 2024 og nyttilsette Andreas Stenmark har no ansvaret for Sogndal kommune etter Finn Olav Myhren medan Ida Øie har Vik og Høyanger kommunar etter Morten Fosse. Dei er begge i kvar si heile stilling.

Arne Kristian Borger har framleis ansvar for Luster, Årdal, Lærdal og Aurland (0,6 årsverk).

Skog i Sogn har samarbeid med Skogselskapet i Sogn og Fjordane og AT Skog som har vore den dominerande tømmerkjøparen i distrikta våre. I 2024 har og ein ny aktør, Fjordtømmer, kome inn som tømmerkjøpar med drifts-apparat i Sogn og dei har utført hogst i Leikanger.

### SKOGSDRIFT

Statistikk for avvirking viser at det blei omsett 34 625 m<sup>3</sup> (37 049 i 2023) av bartrevirke. Av dette er 32 439 m<sup>3</sup> gran (20 471) og 2186 m<sup>3</sup> furu (16 082). Noko av forklaringa på nedgang i furukvantum skuldast nok at miljøplanane i skobruksplanen (MIS) er meir enn 15 år. Då vert dei ugyldige og tømmeret kan ikkje kjøpast av aktørar som oppfyller PEFC-standard.

Fyrstehandsverdien på alt virke er omlag kr. 21 262 298 millionar. Godt over 75 % av kvantumet er blitt hogd i Sogndal kommune. Registrert sal av 556 juletre utgjør ein verdi på kr. 289 000.

### SKOGKULTUR

27 skogeigarar (30) har hatt aktivitet med skogkultur i kommunane Vik, Luster, Sogndal og Høyanger. Det er innan

tilskotsforvaltninga gjeve tilskot på til saman stk. 77 450 stk granplanter (121 475 stk.). Plantinga i heile Skog i Sogn sin region svarar til 365 daa (574 daa) med plantemark. Det er i tillegg sett ut 7000 stk. gran (7000) som suppleringsplanter. Det har vore utført ungskogpleie på 138 daa (143 daa). Det er ikkje utført markriving/markberedning for naturleg forynging av furu. I fjor var talet på heile 600 daa. Summen av kostnad for skogkultur har vore på kr. 806.658 og tilskotet til dette på kr. 381 998.

### VANSKELEG TERRENG

Det er utbetalt til saman kr. 186 000 til tre skogeigarar i taubanetilskot, to eigenhogstar med lett taubane i Luster og ein ordinær taubanedrift i Høyanger.

### SKOGSVEGBYGGING

Dei ferdiggodkjende anlegga i 2024 er i tabellen under: Av desse har Saurdalsvegen og Gardshaugvegen fått utbetalt statstilskotet i tidlegare år.

I 2024 er det betalt ut totalt kr. 2 654 546 i statstilskot til åtte skogsvegar. Ein av dei er Feiosvegane med ei undervegs-utbetaling på kr. 2 125 480 i 2024 og som framleis er under bygging.

### RESULTATKONTROLL OG FORYNGINGSKONTROLL

Det har vore trekt ut 8 felt for resultatkontroll i dei sju kommunane.

Når det gjeld drifter over 250 m<sup>3</sup> der det ikkje er registrert planting innan tre år, skal kommunen følgje opp dette med ein foryngingskontroll. 11 stk. skogeigarar har stått på denne lista i 2024.

### Oversikt over ferdiggodkjente skogvegprosjekt i 2024:

| Vegnamn                                       | Lengde omb. m | Lengde, ny m | Kostnad kr | Statstilskot kr               |
|-----------------------------------------------|---------------|--------------|------------|-------------------------------|
| Spilderfossvegen, traktorveg, Luster          | 0             | 547          | 230 940    | 103 925                       |
| Gardshaugvegen, Luster                        | 0             | 1000         | 1 434 445  | 758 400 (utbetaling i 2023)   |
| T-snuplass Vad, Luster                        |               | standard     | 70 563     | 28 931                        |
| T-snuplass Skårdalen, Luster                  | 0             | standard     | 65 915     | 39 549                        |
| Øksdalsvegen 4, traktorveg Vik kommune        | 0             | 510          | 411 833    | 36 000                        |
| Tjødnevegen, Sogndal kommune                  | 0             | 272          | 400 000    | 200 000                       |
| Bruhjellsvegen 2, traktorveg, Sogndal kommune | 0             | 150          | 110 650    | 55 325                        |
| Saurdalsvegen, Sogndal                        | 2000          | 480          | 2 000 000  | 1 036 000 (utbetaling i 2019) |





### KURS, FAG- OG SKOGDAGAR

Det har vore arrangert i alt 5 (8) motorsagkurs fordelt på Gaupne i Luster, Sogndal, Vik og Lærdal der Skog i Sogn har vore involvert i kursa i Luster og Lærdal.

Skog i Sogn har elles vore til stades og gjeve informasjon på 5 kveldsmøte i regi av AT Skog hausten 2024, eit ungskogpleiearrangement i Balestrand og ved tre av fire kappedagar i regionen vår. All aktivitet er elles knytt opp til FB-sida Skog i Sogn

### ANNA

Vi registrerer at almesjuke har fått auka utbreiing i Sogn, og det er viktig å følgje med vidare sjølv om ikkje arten har økonomisk verdi innan skogbruket, men stor økologisk funksjon. Samstundes er framleis askeskuddsjuke eit problem for aska.

Gaupne 23.01.2024

Arne Kristian Borger    Ida Øie    Andreas Stenmark



## Årsmelding 2024 - skogbruket i Sunnfjord kommune



### SKOGKULTUR:

Aktiviteten på skogkulturområdet er høg i Sunnfjord kommune. Vi opplever å ha teke att mykje av etterslepet (manglande forynging) og fått auka aktivitet på ungskogpleie. 78 skogeigarar har utført/fått utført skogkulturarbeid i 2024.

- Nyplanting, 300 910 planter, 1 260 daa.
- Suppleringsplanting, 24 360 planter, 232 daa.
- Etablering av juletreproduksjon 2 800 planter, 6 daa.
- Ungskogpleie, rydding og avstandsregulering i plantefelt 118 daa.
- Flaterydding/tilrettelegging av foryngingsfelt 4 daa.
- Gjødsling fastmark 44 daa.

Totale kostnader/investeringar i skogkultur kr 2 933 706. Samla utbetalt tilskot kr 1 211 702 (NMSK kr 908 300 og tettare planting kr 303 402)

### PROSJEKT JOB:U:

Skogselskapet i Sogn og Fjordane har i 2024 gjennomført JOB:U Sommarjobb for ungdom, eit rekrutteringsprosjekt for ungdom (alder 15-25). Sunnfjord kommune var ein av tre kommunar som var med i prosjektet. Vi nytta kr 30 000 av rentemidlar frå skogfond til delfinansiering. Dette var første

året med dette prosjektet der målet er å introdusere ungdommane for skogbruket i fylket. Gjennom sommaren fekk dei auka kompetanse/kunnskap om skogbruk og skogkultur. Dei har utført praktisk ungskogpleie.

I Sunnfjord kommune blei det gjennom prosjektet utført ungskogpleie (avstandsregulering og lauvrydding) hjå 5 skogeigarar. Samla areal blei 103 daa.

Sjølvsyn om prosjektet hadde ulike utfordringar, så ser vi på det som ein suksess og vil fortsette med deltaking. Med unntak av ein skogeigar og 16 daa med ungskogpleie, stod prosjektet for alt av utført ungskogpleie. Vi opplever fornøgde skogeigarar og har med sjølvsyn sett at arbeidet til ungdomane er godt utført.

### SKOGSDRIFT:

Det er levert 66 205 m<sup>3</sup> tømmer. Treslagsfordelinga er 63 400 m<sup>3</sup> gran og 2 486 m<sup>3</sup> furu. Ved til brensel er oppgjeve til 319 m<sup>3</sup>. Gjennomsnittspris for gran kr 634/m<sup>3</sup>, og for furu kr 519/m<sup>3</sup>. Virke til produksjon av ved kr 347/ m<sup>3</sup>. Samla bruttoverdi på alt levert virke er på kr 41 576 180.

Rapportert sal av juletre 1 949 stk.

Det er løyvd og utbetalt kr 650 360 i tilskot ( 3 811 m<sup>3</sup>) til drift i vanskeleg terreng. 2 drifter med tung taubane og 3 drifter med lett traktormontert slepebane.

### SKOGSVEGAR:

Avslutta skogsvegprosjekt i 2024 med tilskot:

- Vikalivegen 3 191 m, vegklasse 4. Kostnad 6 113 986. Utbetalt tilskot kr 2 940 000.
- Føllingsvegen 506 m nyanlegg og 300 meter ombygging vegklasse 4. Kostnad 1 506 366. Utbetalt tilskot kr 1 005 000.
- Høgelivegen parsell 2, 330 m vegklasse 7. Kostnad 323 568. Utbetalt tilskot kr 92 000.
- Teigarabbvegen 200 m vegklasse 4. Kostnad 480 000. Utbetalt tilskot 240 000.
- Ytreåsstøylsvegen 935 m ombygging vegklasse 4. Kostnad 709 234. Utbetalt tilskot 225 000.

Utan tilskot:

- Omvegen, 330 m, nyanlegg vegklasse 8.
- Apalsetkviavegen, 170 m, ombygging vegklasse 4.
- Holtevegen, 210 m, nyanlegg vegklasse 8.
- Gjelvegen 170 m, nyanlegg vegklasse 8.
- Gamlestølsvegen Ullaland pars2, 160 m, nyanlegg vegklasse 8.
- Beitevegen Nyheim, 290 m, ombygging vegklasse 7
- Småøyanevegen, 340 m, ombygging vegklasse 4



#### BYGGESØKNADER:

Det er søkt om og gjeve byggeløyve til 19 veganlegg i 2024.

- 8 nyanlegg i klasse 8 med samla lengde 3 251 meter.
- 3 veganlegg ombygging klasse 8 samla lengde 1 500 meter
- 3 nyanlegg vegklasse 7 med samla lengde 530 meter
- 1 veg ombygging til klasse 7 med lengde 100 meter.
- 1 veg ombygging til klasse 5 med lengde 810 meter
- 3 veganlegg ombygging til bilveg klasse 4 samla lengde 1 990 meter.

#### SKOGSKADER:

Det er også i 2024 observert/kartlagt, og motteke meldingar om skader av snutebille, tørre planter og beiteskader på plantefelt. Avgangen i mange plantefelt er framleis alt for stor. Andre skader av omfang på skog er ikkje observert eller meldt.

#### KURS/ARRANGEMENT:

- Skogdag i Naustdal ( Kalland) 08. januar, 30 deltakarar.  
Tema var kapping av tømmer, informasjon om hogst, prisar tømmermarknad, tilskot og skogfond.

- Karrieredag på Mo (for vgs. elevar) 19. januar. Synleggjering av skogbruksnæringa og studie-/jobbmoglegheiter
- Skogdag i førde (Tefre) 17 april. Tema ungsogpleie ( berre 3 skogeigarar)
- Skogkveld på Jølster (Huus) 24. april. Tema ungsogpleie og planting under skjerm (berre 5 skogeigarar)
- Kurs i bruk og stell av motorsag for ungdomsskuleelevar 01.-27. mai 8 deltakarar ( i regi av Gaular bondelag).

#### SKOGFOND:

Innestående skogfond pr. 31.12.2024: kr 14 788 424.

*Februar 2025*

*Oddbjørn Sellevoll og Henning Malones*

# EIKÅS SKOGSDRIFT



**Mange års  
erfaring  
i vestland-  
skogen!**

#### VI TAR PÅ OSS:

- Hogst
- Framkøyring til bilveg
- Markberedning

**EIKÅS SKOGSDRIFT A.S**

Bordvegen 5, 6854 Kaupanger • tlf. 976 48 482 • jarle@eikaas-skogsdrift.no

## Årsmelding – skogbruket 2024 Gloppen

### AVVERKING

Det vart avverka 26 652 m<sup>3</sup> totalt i Gloppen i 2024 med ein samla verdi på 17 356 527 kr. Det er eit auka volum på om lag 9000 m<sup>3</sup> samanlikna med 2023. Sagtømmerandelen var på 73 %. Det var i tillegg 115 m<sup>3</sup> med ved til brensel som er rapportert inn via tømmermålinga. Privat vedproduksjon er helde utanom dette. Gran utgjorde 98 % av total avverking, altså om lag alt tømmer som vart avverka var gran.

Skogeigarane sette av gjennomsnittleg 16 % av bruttoverdien til skogfond. Det er positivt, då dette er ei avgjerande finansieringskjelde for tiltak og investeringar i skogbruket. Kommunen ser det som gledeleg at avsettinga til skogfond har auka, når tilskotsmidlane kan vere avgrensa.

### SKOGKULTUR

Stor hogstaktivitet dei siste åra medfører naturleg nok stor aktivitet knytt til planting i etterkant. I løpet av 2024 vart det utført nyplanting på 178 daa og suppleringsplanting på 140 daa.

Historisk sett har kommunen hatt lite areal der det har vore utført ungskogpleie. Ungskogpleie er eit viktig tiltak, men lågt prioritert av skogeigarane i vår kommune. Gloppen kommune var i 2024 med på prosjektet JOB:U i regi av Skogselskapet i Sogn og Fjordane. Det førte til ei særdeles stor auke i arealet som det har blitt utført ungskogpleie på og totalt var det registrert 123 daa i 2024.

### SKOGSVEGAR

Kommunen har handsama nokre søknadar om landbruksveg i løpet av året, men desse er i stor grad knytt til jordbruksaktivitet.

### ANNA AKTIVITET

Kommunen har eit særskilt godt samarbeid med Skogselskapet i Sogn og Fjordane som er ein viktig aktør på kompetansehevingssida. Gloppen kommune legg stor vekt på å legge til rette for kompetanseheving i skognæringa og skogselskapet er ein viktig del av dette. Skogselskapet stiller med fagkompetanse og opplæring, samt at dei er ein





pådrivar for å arrangere kurs og fagdagar. Vegplanleggarane i skogselskapet er særskilte viktige både for skogeigarane som treng hjelp til å planlegge skogsvegar, men og for kommunane gjennom eit tett samarbeid for å følgje opp prosjekt under planlegging og bygging. Det å kunne nytte vegplanleggarane i startfasen for å stimulere til større felles vegprosjekt har vore avgjerande for at prosjekta har kome i gang og vidare til realisering.

Vi har gjennomført etter fast modell kappedag på vinterstid og ungskogpleiedag for skogeigarane i kommunen. I tillegg er det gjennomført motorsagkurs for ungdom i regi av ungdomsskolen, der kommunen nyttar rentemidlar til delvis dekking av kostnader.

Vi legg stor vekt på å få til relevante skogsamlingar for skogeigarar, dette er viktig for å få opp kunnskapen og interessa for å stelle eigen skog. Vidare legg vi stor vekt på å nytte nyheitsbrevet frå landbrukskontoret til formidling av aktuelt eller viktig skogstoff enten dette er knytt til kurs, tilskot, lovverk eller anna.

### OPPSUMMERING

Prisane har auka også gjennom 2024 og det merkar vi på landbrukskontoret. Vi opplever at interessa for skog er generelt aukande, men at kunnskapsnivået treng å byggast opp. Særleg er kunnskapen om skogfond og korleis dette kan nyttast på best mogleg måte noko skogeigarane treng



å få synleggjort. Skogfond er viktig i realiseringa av store vegprosjekt og kursing og moglegheita for å sjå korleis dette kan brukast, er i mange tilfelle særskilte viktig for at skogeigar kan sjå nytta og vinsten av vegprosjekta.

Kommunen er avhengig av eit godt samarbeid med andre aktørar for å kunne auke bevisstheita rundt skog, skogsvegplanlegging og god skogskjøtsel. Kommunen meiner det er viktig at Skogselskapet i Sogn og Fjordane held fram med den gode aktiviteten med kompetanseheving og å vere ein ideell aktør utan kommersielle bindingar for å fremje skogbruket i samarbeid med kommunane.

*Karoline Bjerkeset, landbruksrådgjevar, landbrukskontoret i Gloppen og Stad.  
Lindis Østgård, utmarksforvaltar, landbrukskontoret i Gloppen og Stad*

## Årsmelding – skogbruket 2024 Stad

### AVVERKING

I Stad kommune vart det avverka 10 880 m<sup>3</sup> med ein samla verdi på 6,8 mill. kr. Dette er over ei halvering samanlikna med 2023. Sagtømmer utgjorde 70 %. Gran utgjorde 94 % av det som vart avverka. Vidare vart det avverka 160 m<sup>3</sup> ved til brensel. Taubane vart nytta til å avverke om lag 4500 m<sup>3</sup>, altså i underkant av samla avverka volum. Dette er berre drifter der søknad og utbetaling av tilskot er ferdigstilte.

Skogeigarane sette av gjennomsnittleg 15,5 % av bruttoverdien til skogfond. Dette er positivt, då dette er ei avgjerande finansieringskjelde for tiltak og investeringar i skogbruket. Kommunen ser det som gledeleg at avsettinga til skogfond har auka, når tilskotsmidlane kan vere avgrensa.

### SKOGKULTUR

I løpet av 2024 vart det nyplanta på 179 dekar og suppleringsplanta på 65 dekar. Det er ikkje registrert noko ungskogpleieaktivitet i 2024, noko som er synd, då dette er eit viktig tiltak for å auke kvaliteten og robustheita på skogareala våre i kommunen. Stad kommune skal vere med i Sogn og Fjordane sitt JOB:U-prosjekt for 2025 og forhåpentlegvis vil dette føre til auka areal med utført ungskogpleie og auka bevisstheit rundt dette for skogeigarane i kommunen.

### SKOGSVEGAR

Det har vore få søknadar om byggjeløyve til skogsveg i kommunen i løpet av 2024, mykje av arbeidet går til å følgje opp eksisterande prosjekt som skal ferdigstillast.



Planteday i Stad frå tidlegare år.

## ANNA AKTIVITET

Kommunen har eit særst godt samarbeid med Skogselskapet i Sogn og Fjordane som er ein viktig aktør på kompetansehevingssida. Stad kommune legg stor vekt på å legge til rette for kompetanseheving i skognæringa og skogselskapet er ein viktig del av dette. Skogselskapet stiller med fagkompetanse og opplæring, samt at dei er ein pådrivar for å arrangere kurs og fagdagar. Vegplanleggarane i skogselskapet er særst viktige både for skogeigarane som treng hjelp til å planlegge skogsvegar, men og for kommunane gjennom eit tett samarbeid for å følgje opp prosjekt under planlegging og bygging. Det å kunne nytte vegplanleggarane i startfasen for å stimulere til større felles vegprosjekt er viktig for at skogeigarane kan få eit godt beslutningsgrunnlag til å ta ei avgjerd på, noko som har vore gjort i løpet av 2024 og som kan resultere i nye prosjekt i 2025.

Vi har gjennomført etter fast modell kappedag på vinterstid og ungskogpleiedag for skogeigarane i kommunen. I tillegg har det vore gjennomført kurs for nye skogeigarar og skogsamling for damer i løpet av arbeidsåret. Skogeigarane i Stad er generelt bra på å møte opp på kurs, og der det lokale skogeigarlaget spelar ei viktig rolle i å mobilisere. Det er også positivt at lokale bondelag i kommunen sjølve tek initiativ til å få arrangert skogsdagar.

Vi legg stor vekt på å få til relevante skogsamlingar for skogeigarar, dette er viktig for å få opp kunnskapen og interessa for å stelle eigen skog. Vidare legg vi stor vekt på å nytte nyheitsbrevet frå landbrukskontoret til formidling av aktuelt eller viktig skogstoff enten dette er knytt til kurs, tilskot, lovverk eller anna.

Også i 2024 har det vore arbeidd med felles skogbruksplanar for utvalde område i kommunen i eit samarbeid mellom Statsforvaltaren i Vestland, skogselskapet og kommunen. Prosjektet er no avslutta og det står att ferdigstilling av prosjektet og ev. møte som skal gjennomførast i samband med gjennomgang av dei felles planane. Dei felles planane kan forhåpentlegvis resultere i samarbeid om felles større veganlegg og samarbeid på tvers av eigedomsgrenser om forvaltning av skogressursane.

## OPPSUMMERING

Prisane har auka også gjennom 2024 og det merkar vi på landbrukskontoret. Vi opplever at interessa for skog er generelt aukande, men at kunnskapsnivået treng å byggast opp. Særleg er kunnskapen om skogfond og korleis dette kan nyttast på best mogleg måte, noko skogeigarane treng å få synleggjort. Skogfond er viktig i realiseringa av store vegprosjekt og kursing og moglegheita for å sjå korleis dette kan brukast, er i mange tilfelle særst viktig for at skogeigar kan sjå nytta og vinsten av vegprosjekta.

Kommunen er avhengig av eit godt samarbeid med andre aktørar for å kunne auke bevisstheita rundt skog, skogsvegplanlegging og god skogskjøtsel. Kommunen meiner det er viktig at Skogselskapet i Sogn og Fjordane held fram med den gode aktiviteten med kompetanseheving og å vere ein ideell aktør utan kommersielle bindingar for å fremje skogbruket i samarbeid med kommunane.

*Karoline Bjerkeset, landbruksrådgjevar, landbrukskontoret i Gloppen og Stad.  
Lindis Østgård, utmarksforvaltar, landbrukskontoret i Gloppen og Stad*



Takk for samarbeidet i 2024  
til alle skogeigarar, entreprenørar og  
transportørar

## Dette har vi oppnådd i 2024:

Omsett 185.000m<sup>3</sup> tømmer

Planta 700.000 planter

Ansatt tre nye medarbeidarar

Etablert avdeling i Nordfjord


Saman skaper vi lokale verdier av skogen



# Fjordtømmer

## Årsmelding 2024 frå fylkesskogmeister i tekniske fag

Som alle veit er både tømmerprisen og hogsten høg for tida. I toppåret 2014 var vi framleis opptekne med opprydding etter orkanen jula 2011, og det vart hogd 182 000 m<sup>3</sup> i Sogn og Fjordane. Verdien av dette virket var 57 millionar kroner. I 2024, ti år seinare, vart det hogd 196 000 m<sup>3</sup> med ein bruttoverdi på 119 millionar kroner.



Figuren viser utviklinga i hogst og bruttoverdi av tømmeret (søyler) i kommunane i det gamle Sogn og Fjordane. Hogst i tusen m<sup>3</sup> og verdi i millionar kroner. Grøn - gran og rosa - furu. Kjelde SSB.

Sjølvs om vi framleis synast mykje av hogsten skjer litt vel tidleg (tilveksten i eit 50 år gammalt granbestand er 2 m<sup>3</sup> per dekar og år) synast arealet med gran i hogstklasse 5 nok så tvillaust å auke. I følge årsmeldingane til Skogselskapet i Sogn og Fjordane vart det i dei ti åra mellom 1955 og 1964 planta til saman 100 000 dekar med gran. Arealet er justert ned med 20 %. Med snittbonitet på G20, representerer dette 500 000 m<sup>3</sup> hogstmodent tømmer i året, altså vesentleg meir enn vi hogg.


Jamført med mesteparten av dei store barskogane på den nordlege halvøya, taigaen, er barskogen på vestlandet relativt tilgjengeleg, fordi han i all hovudsak står mindre enn ein kilometer i luftline frå næraste bilveg. Skogsdrift i vanskeleg terreng krev likevel tett vegdekning, og det er framleis stor trong for å byggje ut skogsbilvegar for at maskinar, menneske og tømmerbilar kan kome heilt fram til skogen.

Jamført med det meste av skogen i Europa – og på taigaen for den saks skuld -- har granskogen på vestlandet den overlegent høgste bruttoverdien per arealeining. Topografien og teigdelinga gjer likevel at driftskostnadane fort kan verte høge, og fallhøgda ved feil eller manglande planlegging er stor. Det er difor utruleg viktig med god planlegging før du inngår avtale om å hogge. Fordelen med skog er at du har god tid!

På mange kommunale vegar er det forbode å køyre tømmerbil med tilhengar, dette kan verte ei monaleg ekstrakostnad ved hogst. Fleire skogeigarar saman har større påverknadskraft på kommunen. Lang køyring med lastetraktor er også dyrt og du og naboane kan ha stor forteneste i å planlegge felles skogsbilveg.

Det er mindre tilskot til skogsvegar no enn tidlegare, samstundes legg dei gode tømmerprisane til rette for å nytte skogfond som ei viktigare finansieringskjelde. Vegplanleggarane Asle Lyslo og Guri Tyssebotn i Skogselskapet er spesialistar på å utarbeide transportplanar. Tenesta er fullfinansiert gjennom tilskot. Kommunane kan også hjelpe, og noko kan du også planlegge sjølve: Du kan sjekke status på offentlig tilkomstveg på Vegvesenet sitt vegkart på nett (vel «Bruksklasse tømmertransport»). Sett deg også ordentleg inn i kor mykje pengar du sit att med på konto etter vegbygging, hogst og planting i skogfondskalkulatoren på nett.

Utviklinga av tømmer- og trelastprisar (2015 = 100)



Figuren viser den relative utviklinga av tømmer- og trelastprisar samt konsumprisindeksen dei siste 15 åra. Kjelde SSB.

Som du ser av kurven vart den store auka i trelastprisar under covid-19 nedstenginga raskt følgt av den store auka vi har hatt i tømmerprisane. I 2024 auka tømmerprisane relativt meir enn trelastprisane, samstundes som det har vore nedgang i etterspurnaden etter trelast. Høge renter verkar negativt på igangsetting av husbygging, og fleire norske sagbruk eksporterar i dag trelast. Eg tvilar likevel på at tømmerprisane vil gå mykje ned att. Tømmerprisane er meir påverka av den europeiske tømmermarknaden enn tidlegare, og med



høgare betalingsvilje også i den skandinaviske marknaden er dei høge prisane vi no har snarare ei justering til tømmerprisane vi alt i mange år har høyrdd om i den tyske marknaden.

Høge tømmerprisar og sagbruk er ingen god kombinasjon, vi skulle likevel tvillaust hatt fleire sagbruk og meir treindustri på vestlandet. Foredlingsvinsten av råvarer er viktig for samfunnet, og det er mykje betre å eksportere ein høgt foredla vare, til dømes prefabrikkerte delar til hus, enn å eksportere tømmer.

Marginane i sagbrukssektoren er likevel små og investeringskostnadane høge. Eg trur det er vanskeleg å sjå for seg einingar på vestlandet som kan skjere meir enn 100 – 150 000 m<sup>3</sup> tømmer i året, på grunn av transportavstandane, og kostnadane. Dette er å rekne for småsagbruk blant dei ein må konkurrere om marknaden med. Eg trur nøkkelen er å auke foredlingsgraden ytterlegare ved ei samlokalisering og -eksistens med andre vidareforedlande treverksemdar, og å nytte kainær lokalisering for alt ho er verd.

La oss berre ha vona at nokon vil satse på det!

Førde 23.04.2024

Torkel Hofseth

## Årsmelding skog i Kinn kommune 2024

### AVVERKING

- 564 m<sup>3</sup> industrivirke gran. Pris per m<sup>3</sup> kr 442,-
- 25 m<sup>3</sup> industrivirke av furu. Pris per m<sup>3</sup> kr 406,-
- Samla verdi kr 259 252,-

### SKOGKULTUR

- Det har ikkje vore løyvd tilskot til noko skogkulturtiltak i kommunen i 2024.



# at skog

Din lokale leverandør av skogbrukstenester, rådgjeving, hogst, planting, ungsogpleie og skogsveg

## Stolt fortid - stor framtid

AT Skog er eit samvirke for skogeigarar i Telemark, Agder, Rogaland og Vestland

[atskog.no](https://atskog.no)

*Da Vinci-bru med 7. klassingar frå Fjaler*







Kappekurs i Sogndalsdalen i januar.



# Protokoll

## frå årsmøtet i Skogselskapet i Sogn og Fjordane

**Stad: Vite Meir, Kaupanger**

**Tid: 4. april 2024 kl. 14.00.**

I alt deltok 28 personar på årsmøtet. Før årsmøtearrangementet var deltakarane inviterte til foredrag av Bernt-Håvard Øyen med tittelen «Naturkrise eller kunnskapskrise? Trekk frå skogbrukshistoria på Vestlandet».

Styreleiar Terje Engvik ynskte velkomen til årsmøte.

### **PRESENTASJON AV KONSTITUERT ADMINISTRERANDE DIREKTØR I DET NORSKE SKOGSELSKAP KARL HENRIK BERKE:**

Berke (biletet) gjekk kort gjennom historikken til Skogselskapet, og presenterte DnS sitt føremål og styre og tilsette. Berke kunne også presentere den kommande nye administrerande direktøren, Helene Nygaardsvik Ruud som vil tiltre 1.7.24. Berke vektla heile Skogselskapet sine aktivitetar og ikkje berre DnS sine hovudoppgåver. Det vart også synleggjort dei mange hundre skogdagane som blir arrangert over heile landet, i tillegg til medlemsutviklinga i Skogselskapet, og det vart gitt gode attendemeldingar til Sogn og Fjordane for god medlemsverving det siste året. Til slutt vart også medlemsfordelene og det uavhengige fagtidsskriftet for skogbruk «Norsk Skogbruk» orientert om.

### **SAK 1 VAL AV MØTELEIAR OG TO SOM SIGNERER PROTOKOLLEN**

Det var ingen merknadar til innkalling og saksliste. Terje Engvik vart vald til møteleiar, Ruben R. Bøtun til referent. Til å skrive under protokollen vart Jo Vikøren og Øystein Menes valde.

### **SAK 2 ÅRSMELDING FOR 2023**

Sidan førre årsmøte hadde Audun Oklevik gått bort. Terje Engvik heldt minneord, og det vart markert med ei stunds stillheit. Årsmeldinga vart sendt ut ilag med innkallinga 18. mars, i veke 12, og styremeldinga vart gjennomgått av Terje Engvik. Året syner framleis ei auke i medlemsmassen, som er gledeleg for Skogselskapet. I årsmeldinga står fondplasseringa oppført med resultat pr. 31.12.2023 på 12,1 % og Engvik orienterte om eit resultat pr 3.4.2023 på 19,2 %.

Etter gjennomgangen haldt Ruben Bøtun ein presentasjon om arbeidet i Skogselskapet i Sogn og Fjordane, både for 2023 og litt om arbeidet i 2024. Det vart informert om høg aktivitet med skogdagar, rekordhøg innsats på skuleskogdagar, arbeidet med opprydding etter planteproduksjonen og årets JOB:U prosjekt.

Dagleg leiar har også sekretær-rolla i Vestland Skognettverk, og arrangerte skogseminar med politisk skogdebatt i Voss 28. august 2023. Skognettverket er eit organ i Kystskogbruket, og har eit mål om å auke verdien på skognæringa i Vestland. Årsmeldinga vart samrøystes godkjent.

### **SAK 3 REKNESKAP FOR 2023**

Terje Engvik gjekk gjennom hovudtal frå rekneskapen. Rekneskapen syntte eit underskot på kr. 32 179. Etter orienteringa følgde spørsmålsrunde og debatt med innlegg om Skogkurs utbytte etter sal av konferansesenteret på Honne.

Rekneskapen vart samrøystes godkjent.







#### SAK 4 VAL OG FASTSETJING AV TILLITSVALDEGODTGJERSLER

Innstillinga frå valnemnda vart opplesen av leiar Magnus Mo og vala gjennomførde av møteleiaren.

Styreleiar: Attval på Terje Engvik  
Nestleiar: Attval på Merete Larsmon  
Styremedlem: Attval på Tom Idar Kvam  
Varamedlem: Attval på Jakob Devik og 2.vara Inge Rolf Torstad  
Revisorar: Attval på Jarl Henrik Devik og Leif M. Aarnes.

Av godtgjersle var forslaget frå valnemnda å halde det som før.

Det kom forslag frå årsmøte om å auke satsane for godtgjersla, ettersom det førre gong vart auka i 2021. Forlag til nye satsar er som følgjer:

Leiar: Auke frå 12.000 kr til 14.000 kr i året.

Styremedlem: Auke frå 2.300 kr til 2500 kr i året

For nettmøte: Halv møtegodtgjersle

Reise etter statens satsar.

Ved stemmegiving var det 15 stemmer for forslaget, og det vart vedteke.

I valnemnda går Magnus Mo ut etter 3 års funksjonstid, og årsmøtet foreslo Torgim Østgaard som ny medlem i valnemnda. Han takka ja og vart samrøystes vald.

Etter vala på årsmøtet har styret denne samansetninga:  
Terje Engvik, leiar (på val som styremedlem i 2025)  
Merete Larsmon, nestleiar (på val som styremedlem i 2025)  
Anders Lorentzen, styremedlem (på val som styremedlem i 2026)

Tom Idar Kvam, styremedlem (på val som styremedlem i 2027)  
Erlend Herstad (oppnemnd av fylkeskommunen)  
Varamedlemmer (på val kvart år):

1.vara: Jakob Devik

2.vara: Inge Rolf Torstad

Personleg varamedlem for Erlend Herstad: Bjarte Buttedal (oppnemnd av fylkeskommunen)

Valnemnda er etter vala sett saman av: Arnt Magne Paulen (leiar), Mette M. Heiberg og Torgim Østgaard.

#### SAK 5 EVT. INNKOMNE SAKER

Ingen innkomne saker.

  
Jo Vikøren

  
Øystein Menes

  
Terje Engvik

  
Ruben R. Bøtun



# T. FRIVIK

## Taubanedrift AS



- Vi tar skogsdrifter med taubaner over heile landet.
- Vi driver nå med 4 tilhengermonterte baner.  
En stor gravemaskin til hver bane som kvister og kapper.
- Vi har base på Kyrkjebø, og er forhandler for Wyssen Seilbahnen og Ecoforest.



Ecoforest

T. Frivik Taubanedrift AS ble etablert i 2004 og er nå den ledende aktøren i Norge på uttak av tømmer i bratt terreng samt montering/demontering av rørgater i bratt terreng. Vi påtar oss alle typer oppdrag innen for skogsdrift, materialtransport og anleggsvirksomhet. Vi har investert tungt i en maskinpark som gjør oss i stand til å dekke de fleste typer oppdrag med egne maskiner. Der hvor det er behov for spesielle maskiner, har vi et godt internasjonalt nettverk som gjør at vi kan leie inn spesialisert utstyr etter behov. Maskinparken består av 4 KMS tilhengermonterte kraner, 4 Doosan gravemaskiner med Woody 60 aggregat, Woodliner selvgående løpekatt i tillegg til det vanlige utvalget traktorer og tømmerhengere. Blant våre ansatte finner du alt fra skogsarbeidere til mekanikere, noe som sikrer svært høy driftssikkerhet og gjør at vi kan påta oss de aller fleste typer oppdrag.

